



Wilhaven Familiebarnehage Ans
5955 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/1728 - 19/6478

Saksbehandlar:
Astrid Namtvedt Sylta
syas@lindas.kommune.no

Dato:
08.03.2019

Rapport frå tilsyn i Wilhaven familiebarnehage

Rådmannen i Lindås gjennomførte tilsyn i Wilhaven familiebarnehage 14.05.2018. Tema for tilsynet var dette:

- *Barnehagen skal fremje kommunikasjon og språk.*
- *Kommunikasjon, språk og tekst.*

Etter tilsynet vart det skrive ein førebels rapport der konklusjonen vart dette:

Lovbrot

Tilsynsmynde har avdekkja lovbrot i Wilhaven familiebarnehage jfr. Lov om barnehage §16 Tilsyn.

Tilsynsmynde sine forslag til utbetringar

- *Språkarbeidet i Wilhaven familiebarnehage skal synleggjerast gjennom skriftlege planar.*
- *Wilhaven familiebarnehage skal sjå til at dei fyller krava i rammeplanen når det gjeld språkarbeidet.*
- *Kommunen vil tilby barnehagen rettleiing på språkarbeid jfr § 8 i Barnehagelova*

Tilsynsmynde hadde nytt møte med Wilhaven familiebarnehage 25.10.2018. Tema for dette møtet var oppfølging av tilsynet 14.05.2018 og gjennomgang av førebels rapport datert 30.05.2018. Barnehagen og tilsynsmynde vart einige om kva barnehagen skulle jobbe vidare med fram til nytt møte, jfr punkta under:

- *Månadsplanane*
- *Språklogg*
- *Lage progresjonplan (tips: sjekke årsplanar på nett)*
- *Planlegge og fordel ansvar- god kommunikasjon*
- *Forventningsavklaring, rolleavklaring*
- *Ta tak i alt det barnehagen allereie gjer, dokumentere*
- *Hugse å ivareta barnehagen sin kultur!*
- *Korleis sikre at ein «ser» alle barna?*

Desse punkta skal me kome meir tilbake til på neste møte:

- *Barn med spesielle behov – ressursteam. Ansvar*
- *Den digitale praksisen jfr det som står i rammeplanen*

På neste møte ønskjer tilsynsmynde at barnehagen viser korleis dei planlegg, dokumenterer og

evaluerer språkarbeidet i barnehagen. Skriftleggjering av dette arbeidet må leggjast fram i neste møte.

Den 21.02.2019 var det nytt møte i Wilhaven familiebarnehage der mynde fekk ein gjennomgang av endringane barnehagen hadde gjort sidan møte 25.10.2018.

Oppfølging av tilsynet 21.02.2019

Oversikt over personar som mynde hadde samtale med:

Namn	Stilling
Ranita Wilhelmsen	Eigar og assistent
Britt Jorunn Aven	Eigar og assistent
Kristin Dahl Hansen	Styrar og pedagogisk leiar

Tilsynet vart gjennomført av Astrid Namtvedt Sylta, Lindås kommune og Mette Marei Træland, Meland kommune.

Våre vurderingar

Dette møte var eit fellesmøte, ikkje samtale med ein og ein. Dei tilsette gav mynde eit godt bilet av endringane dei har gjort dei siste månadane. Dei fortalte mellom anna at tidlegare hadde månadsplanane vore eit arbeidsdokument for dei tilsette, no var dette endra. I dag heng planane i garderoben og er synlege for foreldre. Det er viktig å presisere at Wilhaven familiebarnehage heile tida har jobba godt med språkarbeidet. Manglane som mynde påpeika var knytt til at barnehagen måtte bli betre på det skriftlege arbeidet. Planar og dokumentasjon måtte skriftleggjerast.

I Wilhaven familiebarnehage les dei mykje for barna. Dei fortalte om «boknetta» som barna kunne låne med heim. Bøkene i boknetta er gjerne knytt til tema som barnehagen jobbar med. Barnehagen får bokassar frå biblioteket.

Barnehagen har aldersinndelte språkgrupper. Dei ulike gruppene nyttar litteratur tilpassa sitt nivå. På den måten kan barnehagen sikre progresjon. Mynde fekk sjå korleis barnehagen fører logg i høve til språkarbeid:

- Språkgruppe
- Bibliotek
- Samlingsstund
- Skulestartargruppe
- Dagleg samspel

Ved å føre logg har dei tilsette heile tida oversikt over kva aktivitetar barna har delteke på. Personalalet ser alle barna! Dei tilsette var bevisste arbeidet sitt inn mot rammeplan. Korleis sikre at ein heile tida arbeider i høve til krava i planen? Mynde og dei tilsette drøfta ulike måtar å jobbe på for å sikre dette.

Nærmiljø og lokal kultur har fokus i Wilhaven familiebarnehage. Barnehagen har besøkt ein lokal kunstnar som bur i eit eldre hus i nabølaget. Dette er spanande, og slik vert barna kjente med eldre bygg i bygda. Eit slikt besøk var godt dokumentert med mange fine biletar. Dei tilsette sa at dei ønskjer at barna skal få god

kjennskap til lokalmiljøet sitt. Barna i Wilhaven besøkjer jamleg sjukeheimen på Lindås. Fast post på programmet er at barna syng for dei eldre.

I Wilhaven familiebarnehage har ingen av dei tilsette 100 % stilling. Planlegging og god kommunikasjon er såleis viktig for å sikre samanheng i det pedagogiske arbeidet. På personalmøta vert det jobba med planlegging og rettleiing. Mynde hadde fokus på at dokumentasjon av det pedagogiske arbeidet skal inngå i barnehagen sitt arbeid med å planleggje, vurdere og utvikle den pedagogiske verksemda. På den måten synleggjer personalet korleis dei arbeider for å oppfylle krava i rammeplanen.

I møte vart det og sett fokus på barnehagen sitt ansvar for individuell tilrettelegging for alle barna, også dei som måtte trenge litt «ekstra». Retten til individuell tilrettelgging er lovfesta i Barnehagelova.

Når det gjeld den digitale praksissen i barnehagen, har barnehagen fått nett-tilgang og gått til innkjøp av I-pad. Rammene for å gje barna kjennskap til digital praksis, er såleis til stades.

I samtalen med personalet spurde mynde korleis dei hadde opplevd denne tilsynsprosessen. Personalet sa at dette har vore ei bevisstgjering for dei. Dei har sett på rutinar og arbeidsmåtar, og fått eit betre oversyn over forventningar og rollar.

Mynde vil oppsummere med at Wilhaven familiebarnehage må halde fram med det gode språkarbeidet dei allereie er godt i gang med.

Konklusjon

Wilhaven familliebarnehage oppfyller krava i Rammeplanen i høve til arbeidet med språk, tekst og kommunikasjon.

Samsvar med Barnehagelova

Tilsynsmynde har i tilsynet med Wilhaven familliebarnehage ikkje avdekkja lovbroter.

Orientering om enkeltvedtak

Dette er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova. Enkeltvedtak kan klagast på. Klagefrist er 3 veker rekna frå den dagen De får dette brevet. Klagen skal stilast til den instansen som har fatta vedtaket. Får de ikkje medhald eller delvis medhald ved ny handsaming, vert klagen sendt til endeleg avgjerd hjå Fylkesmannen i Hordaland, Utdanningsavdelinga. Dei er klageinstans for enkeltvedtak fatta med heimel i barnehagelova.

Med helsing

Kristin Moe
kommunalsjef

Astrid Namtvedt Sylta
rådgjevar oppvekst

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Wilhaven Familiebarnehage Ans

5955

LINDÅS